



## KRAV TIL SØKNAD OM AUTORISASJON 1. KONSERVATOR NMF

### Utdanning

- Avlagt magistergrad / Laudabelt hovudfag / Mastergrad (120 studiepoeng) med karakterane A–C.

### Forskningsarbeid

- **Alternativ 1:** Vitskapeleg avhandling på norsk doktorgradsnivå. Utanlandske doktoravhandlingar må vere godkjent av NOKUT eller andre godkjenningstinstansar.
- **Alternativ 2:** Vitskapelege arbeider tilsvarande avhandlinga i den relaterte fagdisiplinen på norsk doktorgradsnivå.

**Arbeida som vert sendt inn til omdømming skal ha lik tematikk, og slik utgjere ein forskingsmessig heilskap som plasserer seg tydeleg inn i eit forskingsfelt. Dei innsendte arbeida skal ha eit omfang som tilsvara ein doktoravhandling og dei skal utgjere ei tilsvarande arbeidsmengd innan det aktuelle fagområdet.**

**Søkjaren skal formulere ein personleg søknad på 8–12 sider der det blir gjort greie for følgjande:**

- Korleis dei innsendte arbeida høyrer saman i ein forskingsmessig heilskap
- Utdjuping av dei analytiske perspektiva som dei innsendte arbeida representerer
- Korleis arbeida steller seg til det aktuelle forskingsfeltet og den etablerte forskingslitteraturen
- Kva metodiske og teoretiske vurderingar som ligg til grunn for arbeida som er sendt inn til vurdering

**Personleg søknad skal spegle søkjaren sin refleksjon over det vitskapelege arbeidet som er sendt inn til vurdering. Denne teksten vil fungere som ein form for leserettleiing i vurderinga av dei innsendte vitskapelege arbeida.**

### Arbeid med fleire forfattarar:

Dersom eit vitskapeleg arbeid har fleire forfattarar, skal søkjaren sin sjølvstendige innsats kunne identifiserast. Det må leggjast ved ei stadfesting frå redaktør eller medforfattar i tillegg til ei utgreiing for eige bidrag frå søkjar.

### Museumspraksis

Minimum to års variert museumspraksis. Inntil eitt års museumspraksis kan kompenseras ved anna relevant praksis.

**Vi ber om at det vert gjeve utfyllande informasjon om kva dei ulike erfaringane består av, til dømes kva utstillingar søkjar har hatt særleg ansvar for, kva slags oppgåver innan samlingsforvaltning og formidling ein har hatt.**

**Søknaden om autorisasjon som 1. konservator NMF skal innehalde følgjande:**

**Alternativ 1:**

- Utfylt søknadsskjema
- Dokumentasjon av museumspraksis
- Stadfesta kreeringsdokument/stadfesting på godkjent avhandling
- Ved grad avlagt ved utanlandsk universitet, må godkjenning frå NOKUT eller andre godkjenningsinstansar leggest ved
- Bibliografi / fullstendig liste over vitskapelege publikasjonar

**Alternativ 2:**

- Utfylt søknadsskjema
- Dokumentasjon av museumspraksis
- Vitnemål for avlagt magistergrad, hovudfag eller mastergrad
- Bibliografi / fullstendig liste over vitskapelege publikasjonar
- Vitnemål for avlagt magistergrad, hovudfag eller mastergrad
- Ved grad avlagt ved utanlandsk universitet, må godkjenning frå NOKUT eller andre godkjenningsinstansar leggest ved
- Personleg søknad (sjå krav over)
- Vitskapelege arbeid

**Talet på arbeid skal normalt ikkje overstige 5 stk., men dersom det er særskilte grunnar til det kan fleire arbeid bli sendt inn til vurdering. Arbeida må anten vere publiserte, eller tatt inn for publisering.**

Lengda på arbeida kan variere grunna ulike fagtradisjonar. Samla sett skal det svara til ein doktorgradsavhandling i den aktuelle fagdisiplinen. Dersom det er vitskapelege arbeid som tangerer kvarandre tematisk og baserer seg på det same kjeldematerialet vil ikkje desse kunne godkjennast som sjølvstendige arbeid.

Søknadsskjema kan lastast ned frå NMF si heimeside, fyllast ut og sendast elektronisk i Word format. Andre dokument som er pålagt innsendt skal sendast elektronisk i PDF format. Dei vitskapelege arbeida sendast anten elektronisk eller eventuelt som trykksaker (kopi av publikasjon).

**Hugs å merke alle filer med søkjarens namn. Sjekk at alle filene er leselege.**

Arbeid innlevert for vurdering kan ikkje trekkjast tilbake.